SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Ingeborg Lysne Mcevoy
E-post: Ingeborg.Lysne.Mcevoy@sfj.no
Tlf.: 57638173

Vår ref.
Sak nr.: 16/2346-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
26516/16

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 12.08.2016

Det Kongelige Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Rapport 2016 - Sogn og Fjordane fylkeskommune

Rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane

Det vert synt til tildelingsbrev datert 24.06.2016 frå Landbruks- og matdepartementet der Sogn og Fjordane vart tildelt kr. 1 600 000 til tiltak retta mot rekruttering og kompetanseheving i landbruket for 2016. Fylkeskommunen skal rapportere på bruk av midlane innan 1. februar 2017.

Organisering og utarbeiding av plan for 2016

Det vert årleg utarbeida ein plan for satsinga på rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane. Dette er ein handlingsplan for oppfølging av nasjonale føringar og regionale planar, samt at den skal seie litt om bruk og fordeling av midlane i fylket. Planen er tett knytt opp til Regional bygdeutviklingsstrategi. Såleis sikrar vi god samhandling mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Den skal sikre at tiltaka som midlane vert løyvd til er med på å nå regionale og nasjonale målsetningar om auka matproduksjon. Det vert vidare vist til vedlagt plan for Sogn og Fjordane som viser detaljane for 2016.

Den årlege planen vert politisk handsama og er forankra hjå hovudutvalet for næring og kultur. Planen for 2016 vart vedteken av hovudutval for plan og næring 15.03.2016. I tillegg til planen vert utvalet førelagt oversyn over tildelte midlar og rapporten til Landbruks – og moderniseringsdepartementet om bruk av midlane.

Planen er utarbeida og revidert i eit samarbeid mellom næringsavdeling- og kulturavdelinga i fylkeskommunen, opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si landbruksavdeling og representantar frå bondelaget, bonde - og småbrukarlaget og skogeigarlaget. Arbeidsgruppa har kome med innspel til planen og vore med på evalueringsmøte gjennom året. I tillegg har arbeidsgruppa vore med å gjeve innspel til tilråding av midlar. Innovasjon Norge er ein samtalepart ved høve der det kan vere nyttig.

Fordeling av løyvinga for 2016

Tidligare år har vi hatt to utlysingar av midlane, ei utlysing for korte kurs på våren og ei utlysing for langsiktige utviklingsprosjekt på hausten. Etter samråd med arbeidsgruppa ville vi prøve på ei samla utlysing på våren for både korte kurs og langsiktige prosjekt. Dei korte kursa føregår for det meste på hausten og ut til våren året etter og må difor ha utlysing tidleg på året slik at søkjarane får planlagd kurs og koordinert det når det høver best for næringa. Dette gjev også høve til samkjøring med aktivitet i regi av dei vidaregåande skulane. Det vart sendt ut brev om endringa til aktuelle søkjarar og det var også understreka i utlysinga. Vi fekk inn søknadar med ein samla søknadssum som var høgare enn midlar til rådvelde, og difor vart alle midlane fordelt ved første utlysing og det er ikkje naudsynt med ny utlysing.

I handlingsplanen vert det vist til følgjande tabell som har vore rettleiande for fordeling av tilskot:

Tiltak	Kroner
Agronomutdanning for vaksne (nettbasert og samlingar)	600 000
Kompetanseutvikling – korte kurs	400 000
Utviklingsprosjekt innan rekruttering og kompetanseheving	600 000
Sum til fordeling	1 600 000

Vi fekk tildelt kr. 1,6 mill. frå Landbruks- og matdepartementet i 2016. Frå tidlegare tildelingar hadde vi ein rest på - 16 122 kr. Sum midlar til rådighet for tildeling i 2016 vart difor 1 583 878 kr.
Samla søknadssum var 1 988 150 kr. som er om lag 400 000 kr. meir enn midlar til rådighet.
I prioriteringa av søknadar vart det vektlagt kva som er fastsett i planen. Vidare vart det lagt vekt på å prioritere tiltak som er direkte retta mot kompetanseheving og rekruttering, og kurs og sertifiseringsordningar som kan bidra til meirinntekter for bønder.

Fylkeskommunen har vidareført løyvinga til eitt større tiltak: agronom utdanning for vaksne i regi av Mo og Øyrane vidaregåande skule. Dette er eit av dei viktigaste tiltaka i planen for å sikre rett kompetanse for dei som er på veg inn i næringa, og medverke til å oppretthalde og helst auke matproduksjonen i Sogn og Fjordane.

Mange av dei som tek over gard i dag har enten ei naturbruksutdanning som treng påfyll av oppdatert kompetanse, eller dei har ikkje agronomfagleg bakgrunn og har difor trong for å skaffe seg dette. Tilbodet vert etter kvart meir kjend og difor meir etterspurd. Det er tatt opp 15 nye elevar som startar på studiet i august 2016. Til saman vert det 33 elevar på agronomutdanning for vaksne skuleåret 2016-2017. 9 fekk utskreve vitnemål som agronom og 1 fekk kompetansebevis våren 2016.

Ein del av midlane er sett av til meir langsiktige utviklingsprosjekt. Dette er meir generelle utviklingsprosjekt der planen definerer målgrupper, men prosjekta må rette seg mot rekrutteringsprosjekt eller særskilte kompetansehevingsprosjekt.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Ingeborg Lysne Mcevoy
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2016
Oversikt over tildelingar 2016

Mottakar (ar)
Det Kongelige Landbruks- og matdepartementet Postboks 8007 Dep. 0030 OSLO

Kopi til:
Knut Grinde, OA